

Til

Elevar på VG1 og VG2 BA og deira føresette

Vår ref: Jessie Strand Fagervoll

Vår dato: 05.008.20

Velkomen til skoleåret 2020 - 2021 og til vidaregåande opplæring!

Det er ei stor glede å ønske deg velkomen til eit nytt skoleår og til vidaregåande opplæring på Borgund vidaregåande skole. Trass i koronarestriksjonar, vil vi legge til rette for at du skal få eit godt skoleår!

Oppmøte: Skoleåret startar måndag den 17.august kl 0830. Oppmøte i Borgundhallen. Sjå s. 6 i [Elevhandboka](#) - > lenke høgre marg. Det blir berre BA-elevar som møter kl 0830 pga koronarestriksjonar.

Elevhandboka inneheld mykje viktig informasjon som du og foreldra dine må lese. Der finn du bl.a. lenke til skolen sitt ordensreglement, kriterium for vurdering/karaktersetting og mange praktiske opplysningar. Elevhandboka blir også delt ut ved skolestart.

Læremiddel- og utstyrslistene finn du [her](#).

PC – les om fylkeskommunen sin PC-ordning [her](#). Du bestiller PC på same nettstaden.

Dersom det vert brukt materiell til å lage noko du får til privat bruk, vert det fakturert i november og april.

Har du rett på skoleskyss? Sjå meir og søk om skoleskyss [her](#).

HUGS SMITTEVERNREGLANE NÅR DU REISER TIL SKOLEN OG PÅ SKOLEN!



Slik sørger vi for trygge skoler

- Gå til klasseromet ditt, ver der
- Hald deg med dei i klassa di
- Hald avstand til andre
- Vis omsyn



Slik sørger vi for trygge skoler

- Host i papirlommetørkle eller i albogen
- Vask hendene dine ofte og godt
- Er du sjuk – hald deg heime!

Borgund vgs utdannar stolte fagfolk!

Velkomen til fagutdanning for framtida!

Med venleg helsing
Jessie Strand Fagervoll
rektor
sign